

Tilsynsrapport

Rapport	
Rapporttittel	Oppgåvenummer
Tilsyn med landfall og mottaksanlegg for import- og eksportrørleidningar på Kollsnes (aktivitet 003911033)	003911033
	Saksnummer
	2024/341

Gradering
☒ Offentleg ☐ Ikkje offentleg

Involverte	
Hovudgruppe	Oppnåveleiar
A-4	
Deltakarar i revisjonslaget	Dato
	19.6.2024

1 Innleiing

Vi gjennomførte tilsyn med Transportnett i Equinor og Gassco i forbindelse med del 2 av tilsyn med landfall og mottaksanlegg for import- og eksportrørleidningar på Kollsnes torsdag 23. mai på Kårstø. Del 1 av tilsynet vart gjennomført på Kollsnesanlegget tysdag 23. og onsdag 24. april 2024. Denne delen er rapportert for seg sjølv 15. mai 2024.

2 Bakgrunn

Av Petroleumstilsynet sitt tildelingsbrev for 2024 framgår det at det er eit mål at risiko for storulykker i petroleumsverksemda skal reduserast. Petroleumstilsynet skal blant anna spesielt følgje opp risikostyring og å hindre lekkasje for gasstransportrøyra med mottaks- og returanlegg for rørleidningane.

Bakgrunnen for tilsynet er vår kontinuerlege oppfølging av gasstransportsystema og den strategiske tydinga av å sikre integritet og tilgjengelegheit for desse systema.

Første del av tilsynet vart gjennomført på Kollsnesanlegget over 2 dagar med presentasjonar, samtalar, verifikasjon i anlegget og i dokumentasjon og vedlikehaldssystem.

Del 2 av tilsynet med Equinor og Gassco transportnett vart gjennomført på Kårstø torsdag 23. mai.

3 Mål

Målet var å sjå til at Gassco og Kollsnes har ei samla tilnærming til oppfølging av integriteten for røyrleidningar som går inn og ut av Kollsnes på sjøsida. Vi har følgd opp integritetsstyringa for røyrleidningane og landdelen på Kollsnes.

4 Resultat

4.1 Generelt

Tilsynet vart gjennomført med presentasjonar, diskusjonar og gjennomgang av spesifikke aksjonar frå del 1 av tilsynet.

Ein av aksjonane omfatta observasjonar frå første del av tilsynet knytt til passiv brannbeskyttelse på røyrdelar og nødavstengingsventilar inkludert anna essensielt utstyr. Vi observerte i ankerblokkområdet og nødsvstengingsventilar at det berre var røyr P12 som hadde passiv brannbeskyttelse. Vi spurte i del 1 av tilsynet om bakgrunnen for dette og vi vart i starten av del 2 av tilsynet informert om at alle røyra (P10, P11, Zeepipe IIA og IIB) skal ha passiv brannbeskyttelse tilsvarande det vi observerte for P12. Vi vart informerte om at det var oppretta notifikasjonar på dette.

Det vart i tilsynet diskutert skilnaden på modifikasjonar og prosjekt. Gassco har krav til kva ein definerer som prosjekt og kva som er ein modifikasjon. Det vart og nemnt at modifikasjonar kunne ende opp som prosjekt. Den tradisjonelle tilnærminga har vore at prosjekt får meir oppfølging enn modifikasjonar og at det har vore ein samanheng mellom storleiken på prosjektet (beløp) og oppfølginga. Gassco informerte om at det var sett i gang eit arbeid for å sjå på andre kriterie for oppfølging av prosjekt og modifikasjonar.

Vi har identifisert to områder med potensial for forbetring knytt til avviksbehandling og informasjon og risikoreduksjon.

5 Observasjonar

Vi har to hovudkategoriar av observasjonar:

Avvik: Observasjonar der vi *påviser* brot på/manglande oppfylling av regelverket.

Forbetringspunkt: Observasjonar der vi *meiner å sjå* brot på/manglande oppfylling av regelverket, men ikkje har nok opplysningar til å kunne påvise det.

5.1 Avvik

Det vart ikkje påvist nokre avvik i dette tilsynet.

5.2 Forbetringspunkt

5.2.1 Avviksbehandling

Forbetringspunkt

Manglande vurdering av endringar i røyrsystem

Grunngjeving

I første delen av tilsynet spurde vi etter informasjon om isolasjonselement mellom sjørøyr og landrøyr for Kvitebjørn gassrøyr. Vi vart informert om at isolasjonsjointen var kopla frå / overbroa då den ikkje fungerte slik den var tiltenkt. I tilsynet spurde vi etter informasjon om det var gjort noko avviksbehandling eller prosessar frå endringsstyring av ny løysing opp mot den opprinnelege løysinga. Vi fekk ikkje noko informasjon om at dette var gjort.

Krav

Styringsforskrifta § 22 om avviksbehandling

5.2.2 Informasjon og risikoreduksjon

Forbetringspunkt

Manglande bruk av relevant informasjon for bidrag til risikoreduksjon

Grunngjeving

Frå første del av tilsynet hadde vi bedt om meir detaljar rundt rundt ei muleg oppgradering av gasseksportkapasiteten frå Kollsnes og gjennom eksportrøyrsystema. Modifikasjonar den seinare tida gjer det teknisk muleg å sende meir gass ut frå anlegget. På tilsynstidspunktet så var det ikkje teke beslutningar om å endre kapasitet for røyra. Det var heller ikkje endra temperaturgrenser for eksportgassen, men det var ein instruks om å ikkje ha eksporttemperaturen høgare enn 45°C. Alarmgrensene i kontrollsystemet var 48°C for alarm og 50°C for automatisk nedstenging.

Det vart i tilsynet vist til arbeid med Åsgard gasstransportrøyr der det er same type belegg. Der opplevde ein aksiell gliding mellom betongbelegg og røyret. Desse erfaringane vart teke inn i Equinor kravdokument frå 2014 med ei anbefaling om maksimalt 45°C på eksportgass frå anlegg og inn i røyrsystem med denne typen beleggkonfigurasjon. Den same problemstillinga ein har hatt på Åsgard transport er og relevant for gasseksportsystema på Kollsnes. Det vart vist til at det har vore dialog om dette tema over fleire år, men det synes å ha vore lite konkret framgang og sein implementering.

Krav


Styringsforskrifta § 15 om informasjon, andre ledd

Styringsforskrifta § 4 om risikoreduksjon, første ledd

6 Andre kommentarar

For observasjonen med manglande passiv brannbeskyttelse i ankerblokkområdet ber vi om å få oversendt ein framdriftsplan for dette arbeidet.

7 Deltakarar frå oss



8 Dokument

Følgjande dokument vart nytta under planlegging og gjennomføring av aktiviteten:

- Presentasjonar i tilsyn
- Oversikt over oppfølgings- og monitoreringsaktivitetar Gassco
- Equinor dokumentasjon før tilsyn med landfall og mottaksanlegg for import- og eksportørleidningar på Kollsnes _aktivitet 003911033
 - Organisasjonskart
 - Oversikt over relevant styrande dokumentasjon
 - Teknisk integritet
 - Oppfølgings- og verifikasjonsaktivitetar
- Gassco Asset Management Transport Network organisjonskart 1Q 2024
- Oversikt monitoreringsaktivitetar (Gassco AM-PP og AM-TN)
- Oversikt relevant styrande dokumentasjon og arbeidsprosessar Gassco
- Grensesnittavtale mellom prosessanlegget StureKollsnes og transportnett.
 - *"Grensesnittavtale mellom Prosessanlegg Sture & Kollsnes og Transportnett for drift av Vestprosess (VP), Kvitebjørn gass (KVG), Grane oljerør (GOP), Oseberg transport system (OTS) og Mongstad gassrør (MGR) Troll gassrør (P10 og P11), Troll glykolrør (P20), Troll kondensatrør (P37), Troll undervannsdal av kraftkabler P60, P61, P62, kabler P61A og P62A samt tunneler."*

Vedlegg A

Oversikt over personell i tilsynet